



Teknisk drift

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/1603 - 16/11735

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

19.09.2016

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - turveg Manger

Me har motteke søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning på turveg på Manger. Turvegen er planlagt 2 kilometer lang, sentralt plassert i Manger senter.

Me har vurdert planane, og godkjenner dei med følgjande merknader:

- Det manglar dokumentasjon på vegbreidde. Det er ein føresetnad for godkjenninga at vegen er minst 2,5 meter brei med ein ryddebredde på minst 4 meter.
- Dokumentasjon på rett til bruk av grunn må leggjast ved søknaden om spelemidlar.

Eitt sett med planar følgjer med i retur med godkjenningsstempel.

For turvegar kan det søkjast tilskot inntil 50 % av kostnad, men maksimalt kr 1 000 000. Om turvegen vert bygd kortare enn 2 kilometer vert tilskotet redusert i høve til det. Det vert ikkje gjeve tilskot til turvegar som er kortare enn 1 kilometer.

Skulle planane for anlegget verta endra, må nye, oppdaterte planar for anlegget sendast inn for fornya idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning gjeld for to år. Det kan søkjast om forlenging.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning må liggja føre før byggearbeida vert sett i gang, men gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Vedlegg:
Godkjende planar

Mottakarar:
Teknisk drift